

Sak 38/13 Presentasjon av Erasmus+ programmet

Notat fra Studieadministrativ avdeling

Drøftingssak

Notat

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieadministrativ avdeling

Møte: 16. september 2013

Bakgrunn

Frå og med januar 2014 vil EU sitt program for livslang læring, LLP, bli erstatta av Erasmus+. Dette notatet vil gjere greie for dei viktigaste endringane frå LLP til Erasmus+. Utfyllande informasjon om programmet vil bli lagt fram for Utdanningsutvalet når han er tilgjengeleg frå Europakommisjonen. Notatet er vidare tenkt som eit første grunnlag for ei drøfting av kriterium som Universitetet i Bergen legg til grunn for fornying av eksisterande avtaler og inngåing av nye avtalar under Erasmus+ programmet.

Orientering om det nye Erasmus+ programmet

Det gjeldande LLP-programmet (2007-2013) er underdelt i dei fire hovudprogramma *Comenius*, *Leonardo da Vinci*, *Erasmus* og *Grundtvig*, som kvar har sine målgrupper i høvesvis barnehage, grunnskole, og vidaregåande opplæring; fag- og yrkesopplæring; høgare utdanning; og vaksenlæring. LLP er EU sitt viktigaste program for å fremje mobilitet og internasjonalisering innanfor utdanning på alle nivå. Institusjonar i Noreg, saman med Island, Liechtenstein og Sveits, har delteke i LLP-programma (Erasmus særleg) gjennom EFTA/EØS-avtalen i tillegg til medlemslanda i EU og kandidatlanda Tyrkia og Republikken Makedonia. Deltakinga i LLP-Erasmus gjennom EFTA/EØS-avtalen har i hovudsak gitt norske institusjonar som UiB same rettigheter som EU-landa, men med ein skilde unntak, til dømes kan Noreg berre inngå bilaterale LLP-samarbeid med EU-medlemsland.

Det nye programmet, som vil gjelde frå januar 2014, vil slå saman LLP sine hovudprogram til tre hovudtiltak «key actions» og samle dei under paraplynamnet Erasmus+, saman med to nye spesialprogram "sport" og "ungdom" (sjå figur på neste side).


I tillegg til å utvide mobiliteten innafor høgare utdanning med fleire program, vil Erasmus+ opne for deltaking for land utanfor EU og EFTA/EØS. Rammene for dette er foreløpig uklare. Erasmus+ vil tilby norske institusjonar å delta på lik linje med EU-land ved bilaterale samarbeid, samstundes som grensene for internasjonalt samarbeid gjennom programmet vil kunne gå føre seg utanfor Europa.

Ei anna endring i programmet når det gjeld avtaleinngåing med samarbeidsinstitusjonar, er at Erasmus+ vil opne opp for inter-institusjonelle avtalar med fleire samarbeidspartnarar, t.d. innanfor eit spesifikt fagfelt. Mobilitet er også ønska for administrativt tilsette, lærarar og professorar, i tillegg til studentutveksling.

UiB er medlem i fleire store internasjonale universitetsnettverk. Desse nettverka kan spele ei viktig rolle for UiB i det nye Erasmus+ programmet av di dei kan verte ein basis for inter-institusjonelle avtalar om samarbeid innan utdanning og mobilitet med grupper/ konsortium av strategiske partnaruniversiteter både i og utanfor Europa. Allereie no kan det vere viktig for UiB og fagmiljøa å tenkje gjennom kva for ambisjonar, planar og mål ein skal setje for si deltaking i Erasmus+ programmet, og korleis ein kan nytta dei internasjonale nettverka på best mogeleg vis for deltakinga i både det europeiske og det globale samarbeidet i dette programmet.

I denne samanheng er det og relevant å trekke fram det nye UTFORSK-programmet. Programmet er ein pilot for ein ny samarbeidsmodell mellom NFR og SIU, der forskningsprosjekter (NFR) og utdanningsprosjekter (SIU) blir fletta saman i et partnerskapsprogram. SIU vil truleg i løpet av hausten lyse ut midlar til eit nytt

NORDOMRÅDE partnerskapsprogram. Samarbeidsmodellen som er under utvikling har til hensikt å få til ei direkte kopling mellom forskning og utdanning i det internasjonale samarbeidet.



Ei betydeleg auke i budsjettet (40%) er også planlagt til vidareføringa av Erasmus+ frå LLP, og førebelse tall er sett til 14,5 milliardar EUR for programperioden 2014-2020.

I Brussel arbeidas det no med utforming av endelige tekster og budsjett. Budsjettets rammefordeling er 77,5 prosent til utdanning og opplæring, 10 prosent til ungdom, 1,8 prosent til sport og 3,5 prosent til en europeisk lånegarantiordning (førebelse tall frå SIU og European Parliament).

Oversikt over bevilningar gjort til UiB, UiO, og NTNU i forbindelse med LLP-programmet

Erasmus mobilitetsmidlar grunnbevilgning*) 2013-14 til UiB, UiO og NTNU

	SMS**	SMP***	Lærarmob.	Ansattmob.	OM	SUM
UiB	482400	6030	14400	16000	49900	568730
UiO	524610	20100	15200	16000	54300	630210
NTNU	670000	13400	14400	4000	56900	758700

*) Erasmus mobilitetsmidlar grunnbevilgning blir tildelt av SIU til institusjonane ved start av studieåret. Tildelinga blir justert i mars pga. av interrimrapport. Institusjonane betaler tilbake ubrukne midlar. Tabellen gir såleis ikkje noko nøyaktig bilete av mobiliteten på dei einsskildede institusjonane.

***) SMS: Student Mobility Studies

****) SMP: Student Mobility Placement

Samla grunnbevilgning erasmusmobilitet 2010-11 til 2013-14 UiB, UiO og NTNU

	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
UiB	346940 €	401 521 €	641225 €	568730 €

UiO	542320 €	500 225 €	540685 €	630210 €
NTNU	590240 €	566 379 €	709725 €	758700 €

Tildeling frå EU til norske Erasmus mobilitetsaktiviteter frå 2011 til 2013:

Studieåret 2011 - 2012:	€ 5 597 000
Studieåret 2012 - 2013:	€ 6 480 000
Studieåret 2013 - 2014:	€ 6 152 000

b) Kriterium for fornying av utvekslingsavtalar innan Erasmus+

Universitetet i Bergen har i dag ein portefølje på om lag 730 Erasmus-avtalar fordelt på dei ulike fakulteta. Avtalane vert inngådde på institutt- eller fakultetsnivå etter initiativ frå fagmiljø ved UiB eller hos avtaleinstitusjonane. Det finnest per i dag ikkje felles kriterium som vert lagde til grunn for val av avtaleinstitusjonar.

Med bakgrunn i ønske om at alle UiB sine Erasmus-avtalar i størst mogleg grad skal vere aktive avtalar for inn- og utreisande studentar, er det ønskjeleg å drøfte høva for å utvikle felles kriterium for val av avtalepartar. Fakulteta sine erfaringar med etablering og bruk av avtalane vere eit sentralt utgangspunkt for denne drøftinga.

SA sendte ut ein førespurnad i mai 2013 til fakulteta ved UiB og deira institutt om å gå igjennom deira Erasmusavtaleportefølje i forbindelse med fornyingsarbeidet av UiB sine Erasmusavtalar mot det nye Erasmus+ programmet i perioden 2014-2020. Som nemnt ovanfor har UiB om lag 730 Erasmus-avtalar, noko som kan argumenterast for å vere eit lite formålstenleg tal for eit universitet på UiB sin storleik. Til samanlikning har UiO om lag 490 Erasmusavtalar og NTNU 462. Det er i dag registrert fleire avtalar ved UiB som er enten inaktive eller har ei skeiv fordeling av inn- og utreisande studentar.

Rapport henta frå FS kan vise til at om lag 40 Erasmusavtalar er registrerte med mindre enn 2 studentar, enten inn- eller utreisande, i ein avtaleperiode på 4 til 10år. Noko som er av større betydning er at om lag 300 Erasmusavtalar er registrerte berre med innreisande studentmobilitet, dvs avtalar der UiB studentar ikkje er aktive, i ein avtaleperiode på 3 til 13 år. Dette er ein av fleire grunnar til at UiB har i fleire år teke imot meir enn 500 Erasmusstudentar i året, noko som er i toppsjiktet i Europa i forhold til UiB sin storleik.

Ein ser vidare at det er behov for ei tettare kopling mellom forskning og utdanning. Når avtalene blir gått gjennom, bør difor og eit samarbeid på forskningssida bli tematisert.

SA har satt til frist 15. september for å få tilbakemelding frå fakulteta på kva avtalar som skal verte fornya. Arbeidet med å fornye samtlige Erasmusavtalar til den nye Erasmus+ avtalemalen vert sett i gang etter dette.

Særskilte punkt som vert oppmoda for drøfting for Universitetets utdanningsutval i arbeidet med fornyinga av Erasmusavtalar er som følgjer:

- Kva strategi skal UiB ha for inngåing av utvekslingsavtalar innan Erasmus+? Situasjonen no er at UiB har mange avtalar. Dette setter UiB i den posisjon at vi opnar for mange studentar i Europa, og har derfor stor tilstrøyming av internasjonale studentar. Samstundes er det relativt få av våre Erasmusavtalar som over tid har resiprositet.
- Strategi for å sikre aktiv bruk av samarbeidsavtalar og/eller nettverk på fakultet og instituttnivå.
- Strategisk partnerskap. Fagmiljøa bør ha eit utval avtaleuniversitet som dei anser som særskilt viktige partnerar.
- Kven skal stå for fornying av avtalar. Er dette ei sentral oppgåve, eller er dette ei arbeid som fakulteta skal stå for sjølve?

BESO/THBR/BJAN 02.09.13